

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Førde HF

**DATO:** 14.03.2018  
**SAKSHANDSAMAR:** Kjell Inge Solhaug  
**SAKA GJELD:** **Nye Førde sjukehus - status**

**ARKIVSAK:** 2016/2830  
**STYRESAK:** **023/2018**

**STYREMØTE:** **23.03.2018**

---

### FRAMLEGG TIL VEDTAK

1. Styre tek saka til orientering

## Oppsummering

Prosjektet har no nokre hovudutfordringar:

1. Ny informasjon knytt til flaumvurdering, uavklara om nybygg må hevast
2. Kostnadsestimatet syner at omfanget som no ligg inne i prosjektet, er ca. 200 millionar over vårt styringsmål for prosjektet

Planane fram til no har lagt til grunn at nedste golvnivå i nybygg skulle hevast 60 cm over eksisterande plan 0 i sjukehuset. Dette vil gi nivåforskjell mellom nybygg og eksisterande også på plan 1. Tolking av krav i forskrifter kan no føre til at nybygget må hevast ytterlegare, og vi vil då få problem med nivåforskjell også på plan 2. Det blir i prosjektet arbeidd både med å avklare tolking av forskriftskravet, og kva alternativ vi bør vurdere i prosessen vidare. Oppdatert informasjon vil bli lagt fram i styremøtet.

Kostnadsestimat syner at prosjektet må reduserast med 200 millionar. Delar av dette avviket vil bli dekket av at styringsmål blir justert opp frå 2015 kroner til 2018 kroner. Det blir arbeidd aktivt i prosjektet for å redusere nybyggarealet og ta ned ombyggingsgraden i eksisterande bygg. Det må jobbast meir med løysingar før vi tek ny gjennomgang av kalkylar.

Framdrift i forprosjektet er pressa, men vi held framleis på målet om at forprosjektet skal vere ferdig frå rådgjevar og arkitekt før sommarferien 2018.

Prosjekt Nye Førde sjukehus har eit styringsmål på 1,45 milliardar i 2015 kroner. Dette styringsmålet vil bli justert til 2018 kroner i samband med ferdigstilling av forprosjektet. Omfanget i prosjektet blir styrt inn mot dette målet, og det er etablert strategiar for at det skal vere mogeleg å gjere sluttprioriteringar inn mot kostnadmålet i løpet av mai 2018.

## Fakta

Forprosjekt Nye Førde sjukehus er no kome inn i ein fase der planane tek form. Det er viktig at styret kjenner til arbeidet og utfordringane i prosjektet, og på denne måten er budde når viktige prioriteringar og avgjerder skal takast.

Styret i Helse Førde har fått mange nye medlemmar og det er behov for eit lite tilbakeblikk på korleis prosessen har vore og kva føringar som har vore lagt til grunn for gjennomføring av forprosjektet

## Kommentarar

Det er eit mål frå forprosjektet at styret gjennom denne saka skal få innsyn i prosjektet og tillit til organisering og prosessar i prosjektet. Vi har derfor valt å strukturere denne kommentarbolken i fem hovudpunkt:

1. Oppsummering av prosess frå 2015 til i dag

2. Organisering av prosjektet no og planar framover
3. Strategisk retning og grep for å få til løysingar som er innanfor investeringsramma
4. Planar for avgjerdsunkt i forprosjektet
5. Status forprosjekt


### ***Oppsummering av prosess frå 2015 til i dag***

Det er mange nye styremedlemmar og på styremøte den 01.03.2018 kom det fram ønskje om å få overblikk på kva som har vore prosessen, og kva som er bestemt i dei ulike trinna. Det er derfor laga eit eige vedlegg til denne styresaka der vi har samla følgjande dokument:

1. Konseptfaserapporten, sjølv hovudrapporten på ca. 70 sider og styresaka som følgde den
2. Styrevedtak i Helse Vest på konseptfasen
3. Sluttdokument frå faggruppa sitt arbeid våren 2016
4. Styrevedtak i Helse Førde om oppstart forprosjekt hausten 2016
5. Mandat for forprosjektet
6. Tenesteutviklingsprosjekta sin oppsummerande sluttrapport (kortversjon så langt)
7. Korreksjonsoppstilling til forprosjektet med styresak for handsaming av denne

### ***Organisering av prosjektet no og planar framover***

Organisasjonskart som spelar inn mot driftslinja er teikna med ei klar vertikal linje for styring og vedtak der representantar for TV og VO er med på alle nivå:



Det er i organisasjonskartet skilt klart mellom kva som er den vertikale avgjerdslinja, og kva som er støttefunksjonar for prosess eller informasjon. Det er den vertikale ansvarslinja som driv prosessen i forprosjektet og har framdrifts-, vedtaks- og leveranseansvar. Dersom tilbakemeldingar frå støtteprosessar manglar, må avgjerdslinja etablere førebelse konklusjonar basert på beste kunnskap.

For å køyre prosjektet er det etablert ein prosjektstab med egne tilsette frå Helse Førde. Dette sikrar eigarskap og kontinuitet i prosjektet. Fem personar arbeider på full tid med forprosjektet. Desse er:

- Kjell Inge Solhaug, prosjektdirektør, byggingeniør med 25 års erfaring som rådgjevar og med leiing innanfor prosjektering, prosjektarbeid og drift og vedlikehald.
- Ingelin Engen Skadal, prosjektleiar for prosjektering, sivilingeniør VVS. Ingelin har 25 års erfaring, største delen av tida som teknisk entreprenør og som leiar for Caverion/YIT sin avdeling i Førde.
- Bjørnar Haveland, prosjektleiar for kontraktutvikling og bygging, fagskuleingeniør. Bjørnar har 25 års erfaring som entreprenør, og har hatt gjennomføringsansvar for mange store totalentreprisar for Åsen og Øvrelid.
- Lena Haveland, prosjektleiar for logistikk, sjukepleiar med mastergrad i leiing. Lena har 19 års erfaring frå sju ulike avdelingar i Helse Førde, fleire av desse avdelingane har ho hatt leiaransvar for.
- Thomas Christopher Manzini Lindseth, kommunikasjonsansvarleg, rådgjevar med 20 års erfaring frå digital produktutvikling, med fokus på design, kommunikasjon og leiing.

Sjukehusbygg er aktivt med som vår rådgjevar, og sikrar erfaringsoverføring frå sjukehusprosjekt i innland og utland.

Norconsult har rådgjeving på alle fag med arkitektkontoret Nordic Architecture som underleverandør. Norconsult har kontrakt fram til ferdigstilt forprosjekt og opsjon for å kunne vere med i prosessen vidare med realisering av prosjektet.

Organisering av driftsorganisasjonen sin medverknad og innspel er omfattande, og blir vidareført med den basis som er etablert frå tenesteutviklingsprosjekta i Pasientens helseteneste.

Når forprosjektet er ferdigstilt og investeringsavgjerd B4 er vedteken, vil det bli rigga omfattande medverknad frå driftsorganisasjonen inn i detaljplanleggingsfasen. Det er planlagt at vi skal søkje ei sekvensiell gjennomføring av dei ulike delprosjekta slik at prosjekta i hovudsak kan køyrast med den organisasjonen som er etablert, men det vil bli behov for å styrke eigen organisasjon med kapasitet på byggeleing og oppfølging av byggearbeid.

### ***Strategisk retning og grep for å få til løysingar som er innanfor investeringsramma***

Det er i forprosjektet gjort strategiske val i løysingane som no blir planlagt, slik at vi kan sikre at det er råd å sluttjustere løysingane utan å endre konseptvala og hovudgrepa som er lagt inn.

- Areal til psykisk helsevern er redusert ved å forme eit meir arealeffektivt bygg.
- Reduksjon av romprogram for operasjon, intensiv og tung overvaking.
- Nybygg somatikk er utforma som ein lamell vestover. Dette gjer at alle etasjar kan forkortast, men dei nedre etasjane må vere lenger enn dei oppover.
- Løysingane for nybygg somatikk blir utfordra for å prøve å gjere desse meir arealeffektive og få ned nybyggarealet.
- Psykisk helsevern sitt bygg er lagt nær eksisterande bygg for psykisk helsevern slik at delar av poliklinikk og administrative funksjonar kan flyttast tilbake til bygg 2 og redusere areal i nybygg.
- Søkjer planløysingar i eksisterande bygg slik at ombyggingsgraden kan reduserast.

### ***Planar for beslutningspunkt i forprosjektet***

Forprosjektet arbeider no etter viktige milepålar og vedtakspunkt som vist nedanfor.

Milepålar i forprosjektet:

- 15/4-2018 Rapport for arbeidsgruppe framtidig akuttmottak
- 27/4-2018 Avsluttande arkitektmøte med brukargrupper
- 31/4-2018 Innspel frå scenariobetraktning utfallsrom, konsekvens i forprosjektet.
- 3/5-2018 Pilot for baderom i høgblokka, ferdig bygd og løysing evaluert
- 3/5-2018 Oppdatert kostnadskalkyle for sluttprioritering av forprosjekt

- **22/5-2018 Føringar for sluttprioritering av forprosjekt framlagt for styret**
- 3/7-2018 Forprosjekt ferdigstilt frå rådgjevar og arkitekt
- 1/10-2018 Forprosjektrapport klar frå prosjektgruppe
- **29/10-2018 Styrebehandling og investeringsavgjerd B4 i HFD-styret**
- **??/11-2018 Styrebehandling investeringsavgjerd B4 i Helse Vest-styret**

Milepålar for anskaffing av delprosjekt nybygg psykisk helsevern

- 22/6-2018 Utlysing av anbodskonkurranse
- 11/10-2018 Leveransefrist for anbod
- **1/11-2018 Tildeling av entreprise for samhandling (rådgjevingskontrakt mot entreprenør for oppstart planlegging)**
- **21/2-2019 Kontrahering av totalentreprise for gjennomføring**

### **Status forprosjekt**

#### *Spesielle utfordringar*

Prosjektet har no nokre hovudutfordringar:

1. Ny informasjon knytt til flaumvurdering, uavklara om nybygg må hevast
2. Kostnadsestimatet syner at omfanget som no ligg inne i prosjektet er ca. 200 millionar over vårt styringsmål for prosjektet

Planane fram til no har lagt til grunn at nedste golvnivå i nybygg skulle hevast 60 cm over eksisterande plan 0 i sjukehuset. Dette vil gi nivåforskjell mellom nybygg og eksisterande på plan 1. Tolking av krav i forskrifter kan no føre til at nybygg må hevast ytterlegare, og vi vil då få problem med nivåforskjell også på plan 2. Det blir i prosjektet arbeidd både med å avklare tolking av forskriftskravet, og kva som er alternativa vi bør vurdere. Oppdatert informasjon vil bli lagt fram i styremøtet.

Sist gjennomført kostnadsestimat syner at prosjektet må reduserast med 200 millionar. Delar av dette avviket vil bli dekket av at styringsmål blir justert opp frå 2015-kroner til 2018-kroner. Det blir arbeidd aktivt i prosjektet for å redusere nybyggarealet og ta ned ombyggingsgraden i eksisterande bygg. Det må jobbast meir med løysingar før vi tek fornyta gjennomgang av kalkylar.


#### *Framdrift*

Framdrift i forprosjektet er pressa, men vi held framleis på målet om at forprosjektet skal vere ferdig frå rådgjevar og arkitekt før sommarferien 2018. Dette avheng av at dei føresetnadane som er lagt inn i prosjektet, ikkje skal justerast og at vi finn løysingane på dei kostnadmessige utfordringane utan å endre dei hovudgrepa som det no blir jobba med.

#### *Kostnader*

Prosjekt Nye Førde sjukehus har eit styringsmål på 1,45 milliardar i 2015-kroner. Dette styringsmålet vil bli justert til 2018-kroner i samband med ferdigstilling av forprosjektet. Omfanget i prosjektet blir styrt inn mot dette målet, og det er etablert planar for at det skal vere mogeleg å gjere sluttprioriteringar inn mot kostnadsmålet i løpet av mai 2018.

Kostnader i prosjektet og budsjett for dei kommande åra er vist i diagramma nedanfor:



Arbeidet med forprosjektet har i 2017 vorte seinka av tenesteutviklingsprosjekta sitt behov for kvalitetssikring av driftsgrunnlag som skulle nyttast inn i forprosjektet. Dette har medført at rådgjevar og arkitekt sitt arbeid har vorte halde tilbake, og vi har brukt mindre investeringsmidlar enn det som ligg i budsjett og finansiering for 2017 og 2018.

Det blir derfor ikkje relevant å samanlikne kostnad i forprosjektet med budsjetta som er laga. Rådgjevargruppa har vore disiplinert, og det er etablert ein god dialog som gjer at det er mogeleg å slutføre rådgjevar sitt arbeid i forprosjektet i samsvar med estimat, sjølv om tidsaksen no er vesentleg endra i høve til føresetnad i tilbodet (01.03.2018 flytta til 03.07.2018).

Kostnadsoverslag og budsjett for Nye Førde sjukehus skal kvalitetssikrast og justerast inn mot prosessen med langtidsbudsjett.



Utsnitt som viser 3D-modellen no

Vedlegg:

- Vedlegg 1: Nye Førde sjukehus - Føresetnader og prosess frå 2015 til 2018